

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/23	Kommunestyret	PS	16.02.2023
016/23	Kommunestyret	PS	23.03.2023
035/23	Formannskapet	PS	23.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Per Lerøy	FE-000, TI-&1, HistSak-19/746	22/1044

### Innføring av utvalsmodellen i Austrheim kommune

#### Framlegg til vedtak:

Forslag 1:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

Forslag 2:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein har eit utval for Oppvekst og velferd, og eit Teknisk utval. Utvala skal ha sju medlemer kvar. Leiarane av utvala må vera medlemmer av kommunestyret for å kunna vera saksordførarar der. Leiarane av utvala må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvala. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

Forslag 3:

Ingen endring – som i dag.

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd, utvalet skal heita Levekårutvalet. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit

forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/ kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

### **Kommunestyret - 011/23 - 16.02.2023**

#### **KS - behandling:**

*Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at framleggget frå gruppeleiarane har vore oppe internt i Ap, der det vart sagt at saka måtte utsetjast til dei har hatt medlemsmøte. Lerøy la fram utsetjingsframlegg: Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret 13. april.*

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han var i stuss om det var ein god grunn til utsetjing at eitt parti ikkje har fått handsama saka. Elles låg det i vedtaket frå oktober at saka skulle handsamast i dag, og det heng saman med at det skal setjast opp lister til valet. Samstundes er det ei tung sak, og ser at det er grunnar til å diskutera dette grundigare.

Reidar Øksnes (Sp) sa om denne saka skal utsetjast, så må det kallast inn til eit ekstraordinært kommunestyre slik at det er kommunestyret som avgjer. Sp vil legga fram eit grunngjeve framlegg om å ha tre utval. Synest ikkje kommunestyret kan delegera dette til formannskapet.

Ordførar Per Lerøy sa at det ikkje skal vera formannskapet som skal avgjera, men når det er vedteke i formannskapet så er det reelt sett vedteke i kommunestyret også. Og kommunestyret 13/4 er etter at listene er leverte den 31. mars. Har ingen problem med å ta dette i eit ekstraordinært kommunestyre. Må kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars, dette kjem ein tilbake til.

#### **Handsaming i kommunestyret:**

Det vart røysta over utsetjingsframlegget.

Samd for utsetjing, og for at det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

#### **KS - vedtak:**

Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret.

Det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

### **Formannskapet - 035/23 - 23.03.2023**

#### **FS - behandling:**

Leiar av gruppeleiarforum, Inger-Lise Brekke (H), orienterte om arbeidet med utvalsmodellen, der gruppeleiarane jobba med dette tidlegare i vår.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) la fram Sp sitt eige framlegg til vedtak, med innføring av tre utval: "Det vert for kommunestyreperioden 2023-2027 innført utvalsmodell med tre utval, eit for kvart tenesteområde, minus kommunedirektøren sitt område. Kvart utval skal ha sju medlemmer, der minst eit medlem er medlem av kommunestyre. Bakgrunnen for ynskje om tre utval er stort sett den same som er gjeve i saksutgreiinga frå gruppeleiarfora."

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at partiet ba om utsetting av saka, i samband med at denne var oppe i det siste kommunestyret. Denne utsettinga har gitt Ap tid til ei grundig handsaming i organisasjonen. I utgangspunktet ville Ap gå inn for framlegg 3, ingen utval/som i dag, men dei har komme fram til at ein kan prøva utvalsmodellen og starta med eitt utval som i framlegg 1.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dei har diskutert saka i partiet, og at KrF vil gå inn for framlegg 2 med to utval.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om avrøystingsrekkefølgja at ein startar med det framlegget som ser ut til å ha minst støtte.

#### Avrøystinga:

Framlegg 3 - ingen utval/som i dag, fekk ingen røyster.

Framlegg 4 - Sp sitt framlegg om tre utval, fekk ei røyst (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp))

Etter dette vart dei to siste framlegga sette opp mot kvarandre.

Framlegg 2 - to utval, fekk to røyster og fall, (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), og Helge Dyrkolbotn (KrF))

Framlegg 1 - eitt utval, fekk tre røyster og går vidare som formannskapet si tilråding til kommunestyret, (Per Lerøy(Ap), Inger-Lise Brekke (H) og Morten Sognnes (H)).

Etter innspel frå kommunedirektøren tok formannskapet stilling til kva som skal vera namnet på dette felles utvalet for to kommunalsjefområde, helse/velferd og oppvekst/kultur, levekårsutvalet. Namneframlegget går vidare som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

#### Handsaming i formannskapet:

Med tre mot to røyster tilrår formannskapet at det vert innført ein utvalsmodell med eitt utval, frå neste kommunestyreperiode. Eit samrøystes formannskapet tilrår at utvalet skal heita "levekårutvalet".

#### Framlegget som fekk fleirtal er slik:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/ kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

#### FS - vedtak:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein

startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

### **Kommunestyret - 016/23 - 23.03.2023**

#### **KS - behandling:**

Sidan denne saka vart handsama i både formannskap og kommunestyre same dag, vart referatet frå formannskapet sendt ut på e-post til kommunestyret, i pausen mellom dei to møta. Dette er meldinga som gjekk ut:

----

Heisan!

Her er handsaminga i formannskapet i dag, med tilrådinga til kommunestyret:

---

Leiar av gruppeleiarforum, Inger-Lise Brekke (H), orienterte om arbeidet med utvalsmodellen, der gruppeleiarane jobba med dette tidlegare i vår.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) la fram Sp sitt eige framlegg til vedtak, med innføring av tre utval: "Det vert for kommunestyreperioden 2023-2027 innført utvalsmodell med tre utval, eit for kvart tenesteområde, minus kommunedirektøren sitt område. Kvart utval skal ha sju medlemmer, der minst eit medlem er medlem av kommunestyre. Bakgrunnen for ynskje om tre utval er stort sett den same som er gjeve i saksutgreiinga frå gruppeleiarfora."

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at partiet ba om utsetting av saka, i samband med at denne var oppe i det siste kommunestyret. Denne utsettinga har gitt Ap tid til ei grundig handsaming i organisasjonen. I utgangspunktet ville Ap gå inn for framlegg 3, ingen utval/som i dag, men dei har komme fram til at ein kan prøva utvalsmodellen og starta med eitt utval som i framlegg 1.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dei har diskutert saka i partiet, og at KrF vil gå inn for framlegg 2 med to utval.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om avrøystingsrekkefølgja at ein startar med det framlegget som ser ut til å ha minst støtte.

#### **Avrøystinga:**

Framlegg 3 - ingen utval/som i dag, fekk ingen røyster.

Framlegg 4 - Sp sitt framlegg om tre utval, fekk ei røyst (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp))

Etter dette vart dei to siste framlegga sette opp mot kvarandre.

Framlegg 2 - to utval, fekk to røyster og fall, (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), og Helge Dyrkolbotn (KrF))

Framlegg 1 - eitt utval, fekk tre røyster og går vidare som formannskapet si tilråding til kommunestyret, (Per Lerøy(Ap), Inger-Lise Brekke (H) og Morten Sognnes (H)).

Etter innspel frå kommunedirektøren tok formannskapet stilling til kva som skal vera namnet på

dette felles utvalet for to kommunalsjefområde, helse/velferd og oppvekst/kultur, levekårsutvalet. Namneframlegget går vidare som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

#### Handsaming i formannskapet:

Med tre mot to røyster tilrår formannskapet at det vert innført ein utvalsmodell med eitt utval, frå neste kommunestyreperiode. Eit samrøystes formannskapet tilrår at utvalet skal heita "levekårutvalet".

#### Framlegget som fekk fleirtal er slik:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/ kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

---

#### Kommunestyret si handsaming:

Leiar av gruppeleiarforum, Inger-Lise Brekke (H), orienterte om arbeidet med utvalsmodellen, der gruppeleiarane jobba med dette tidlegare i vår.

Jan-Erik Espelid (Bygdelista) sa at dei har ønskt to utval, men ser også Sp sine argument for tre utval, og vil subsidiært støtta det framlegget. Espelid viste til framlegga, og hadde framlegg om at namnet «Teknisk utval» vart endra til «Areal, plan og miljø-utval».

Reidar Øksnes (Sp) sa at med tre utval vert det lettare å sjå heile kommunen. Dei store sakene er innan helse, skule og miljø/plan/utvikling. Det er viktig at me politikarar, som er valde for fire år med ansvar for innbyggjarane og kommunen tar dette ansvaret, og ikkje berre administrasjonen der dei tilsette kan slutta i morgen. Kommunen har utfordringar, som i skule med å halda elevane der og læra dei mest mogleg. Meiner at med tre utval vil interessa vera større for saksområda. Saknar at det vert teke meir del frå kommunestyret i diskusjonen i ulike saker, slik at det ikkje er formannskapet som avgjer, sjølv om fleirtalet kan vera gitt etter vedtak der. Er store saksmengder å lesa seg gjennom om ein skal ha oversikt over alt som ein skal seia ja eller nei til, med dagens modell utan utval. Ser ingen grunn til at me ikkje skal ha tre utval, det treng ikkje gå lang tid, det er opp til oss kor raskt sakhandsaminga skal gå. Om me berre skal ha eitt utval, kan me like gjerne ikkje ha utval, eller berre ha ad hoc-utval. Trur ein modell med tre utval vil gjera det meir interessant for veljarane. Diverre fekk ein ikkje denne saka opp til vedtak før me spurte kandidatar om å stå på listene.

Inger-Lise Brekke (H) sa at ho reagerer på det som er sagt om at det berre vert eitt utval så kan ein like gjerne la det vera. Trur tre utval kan vera for mykje å gapa over. Det skal komma to ad hoc-utval, eitt for ny og eitt for dagens sjukeheim, og om ein også skal ha tre nye utval, kan det fort verta for mykje å fylla opp. Om byggesaker sa Brekke at kommunen har ry på seg for veldig rask handsaming, dersom desse sakene skal gjennom eit utval kan det gå lengre tid, og dette med rask handsaming er noko me skal hegna om.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at innføring av utval kan gjera det lettare å rekruttera til politikken, desse plassane i utvala er ein god rekrutteringsplattform, det er ein god plass å rekruttera inn i. I denne omgang er det for seint med tanke på rekruttering for den kommande kommunestyreperioden, så det er i alle fall viktig at den evalueringa som er sagt skal gjerast, kjem så tidleg at ein kan ta det med

seg i rekrutteringa til lister. Synest 3 utval er eit mål, men for tidleg. Synest me skal gå for to utval i den kommande perioden. Om byggesaker og teknisk utval, så er veldig mange av desse sakene delegerte saker, som ikkje skal opp i noko utval uansett. Ad hoc er OK slik det er nemnt, men desse utvala går ut når sakene er unnagjort.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til kommunelova som seier at kommunestyret er suverene til å starta eller legga ned utval når som helst løpet av ein kommunestyreperiode. Ser elles at reglementet må justerast med tanke på utsendingstid ved innføring av utvalsmodellen, ved at det må kortast inn på utsendingstida til ei veke før formannskap og tilsvarande møte. Fjellhaug spurte elles om det er tenkt at formannskapet skal halda fram med fem medlemmer som i dag.

Aslak Bakke (H) sa at det er viktig at medlemmene i utvala får ein god opplæring med tanke på kva dei skal levera. Det å starta med eitt utval er ei god innkjøring, så står ein fritt til å oppretta utval elles også. Må også sjå det opp mot økonomi, det kostar noko med desse utvala. Bra med engasjement, men kan bruka eit nytt utval til å rekruttera fleire og få opp engasjementet. Bør starta med eitt utval og ta det som ein prøve.

Reidar Ulvøy (Ap) viste til det kommunedirektøren sa om at ein kan oppretta og legga ned utval i løpet av perioden. Synest det er rett å starta med eitt utval, pluss ad hoc-utval, så kan me sjå etter eit år om me skal oppretta fleire.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han ikkje ser korleis det skal vera å gafa for mykje med tre utval. Det kan verta færre kommunestyremøte. I formannskapet i dag, kor nøye ser me på dei delegerte sakene som vert lagt fram? Ser ikkje korleis det skal vera skadeleg for nokon med tre utval, eller at økonomien i dette tilseier at det ikkje går. Det vert sett ned Ad hoc-utval for ny sjukeheim, men skal me bygga ny sjukeheim? Det er sagt 150 millionar, me om nokre år er det 200 millionar. Øksnes refererte Erik Bye om at politikarane skal vera folkets tenrar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at etter 12 år som ordførar så er det slik at det er kommunestyret som vedtek, men når saka har vore oppe i partigruppene og formannskapet så veit ein korleis utfallet blir. Lerøy viste vidare til det arbeidet som vart gjort før utvalsmodellen vart kutta ut, som del av effektivisering av kommunen. Vart vurdert grundig i 2003 og deretter vart utvala kutta, og så vart det grundig vurdert både i 2006 og 2011 utan at det vart gjort endringar med innføring av utval. Dei vurderingane som er gjort no er ikkje like grundige som i 2006 og 2011. Måten ein har jobba på med berre formannskap og kommunestyre har vore grundig, og det er stor innflyting i kommunestyret. Om det er kritikk for at ordføraren bestemmer for mykje, så er det heller ein kritikk mot dei 16 andre i kommunestyret. Synest dagens modell har fungert på ein demokratisk god måte, og dei som er i formannskap og kommunestyre har fått mest stemmer ved val, medan dei som skal inn i utvala vert peika ut, og ikkje treng vera dei med flest stemmer.

Morten Sognnes (H) sa at det som Erik Bye har sagt om politikarar må gjelda dei som lever av politikken, og ikkje oss som brukar av fritid, der det går ut over jobb og anna. Rådde til at ein startar utvalsmodellen som ein startar ei maskin, må starta roleg og sjå korleis det går, og så kan me gassa på etter kvart.

Reidar Øksnes (Sp) minna om at det ikkje er han som har lagt fram framleggget frå Sp, men at det partiet som har fremma det.

Avrøysting, ordførar Per Lerøy fekk støtte for same avrøystingsrekkefølgje som i formannskapet

Avrøystinga:

Framlegg 3 - ingen utval/som i dag, fekk ingen røyster.

Framlegg 4 - Sp sitt framlegg om tre utval, fekk fire røyster, Sp og Bygdelista.

Etter dette vart dei to siste framlegga sett opp mot kvarandre.

Framlegg 2 - to utval, fekk åtte røyster og fall Bygdelista (Jan Erik Espelid), KrF (Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim og Randi K. Dyrøy) Sp (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Reidar Øksnes og Lise Renate Helle), samt Rikke Heldal Hope frå Høgre.

Framlegg 1 - eitt utval, fekk slik ni røyster og er vedteke. (Ap sine seks representantar, og 3 frå Høgre)

Handsaming i kommunestyret:

Innføring av eitt utval vedteke med 9 mot 8 røyster.

#### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd, utvalet skal heita Levekårutvalet. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/ kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

#### **Saksopplysninger:**

Saka har vore diskutert i gruppeleiarforum i møta 3. januar, 12. januar og 1. februar. Framlegget her er skrive av leiar i gruppeleiarforum Inger Lise Brekke, og godkjent i møtet 1. februar.

---

I kommunestyret 27. oktober 2022 blei det vedtatt at saka om styringsmodell for Austrheim kommune skulle oversendast til gruppeleiarforum for vidare handsaming. Viser til sak 086/22 – 22/8172 Politisk styringsmodell for Austrheim kommune kommunestyreperioden 2023-2027.

Vedtaket lyder slik:

- 1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.*
- 2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret. Innstilling skal leggjast fram for kommunestyret innan 16. februar 2023.*

Eit av fleire intensjon med utvalsmodellen er å få auka interessa for politisk deltaking hjå innbyggjarane. Eit breiare engasjement i politisk aktivitet ved å innføre utvalsmodellen er ein god måte for å rekruttera til politisk arbeid, og dermed viktig for det lokale demokratiet. Dette har vore eit bakteppe for diskusjonane i gruppeleiarforumet. Det er einigheit i forumet at vi anbefaler kommunestyret om å vedta at det blir innført utvalsmodellen som ei prøveordning den neste valperioden. Diskusjonane har vore gode omkring kva fagområde eit utval skal handsame og kor mange utval ein skal anbefale.

Eit viktig moment gruppeleiarforumet har tatt inn i diskusjonen er at det skal startast opp to ad hoc-utval innan kort tid. Eit ad hoc-utval skal gjere greie for nytt helsehus og eit ad hoc-utval skal sjå på

den vidare bruk av dagens bygg. Dette vil både krevje deltaking av innbyggjarar og ressursar frå administrasjonen. Det er viktig at ein ikkje ved å etablere både desse ad hoc-utvala og utval jamfør utvalsmodellen innføre fleire utval vil vera å gapa over for mykje. Det kan tenkast at dei innbyggjarane som ynskjer å engasjere seg i dei nemnde ad hoc-utval gjerne er dei som er engasjerte for plan/teknisk sine saker. Dette talar for at dersom ein ikkje skal ha med eit «Teknisk utval» frå neste valperiode, så startar kommunen med utval som tek føre seg saker enten frå oppvekst eller helsesektoren. Eit anna alternativ er å slå desse to sektorane i hop og ha eit «Utval for oppvekst og velferd». Ved eit slikt alternativ vil Plan og Miljø-saker halde fram med å liggja i formannskapet. Eit argument også for å eventuelt vente med eit teknisk utval er at eit når saker skal gjennom utval for vurdering så kan det medføre lengre behandlingstid. Kommunen har i dag innan plan/byggesak eit godt rykte på seg for å vera raske i vendinga. Det er viktig å halda på denne praksisen.

Gruppeleiarforum ser føre seg at kommunalsjefane for både oppvekst og helse vil kunne løfte saker til eit utval for oppvekst og velferd. Eit slikt utval vil dei kommande åra måtte handsame fleire store og viktige saker for kommunen og innbyggjarane både når det gjelder investering og tenester. Nokre saker som kan nevnast er heiltidskultur innan helse, fleire kommunedelplanar som skal jobbast fram som Leve heile livet (Eldremelding) og andre planar innan dette feltet. Det er naturleg at kommunalsjefane for desse saksfelta ser på kva mandat utvalet skal ha og korleis ein skal jobba, med meir.

Gruppeleiarforumet anbefaler sju medlemmer i kvart utval for å sikra representasjon frå alle partia i kommunestyret. Leiar i utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Om sakene skal via formannskapet (pga. økonomi), så kan ein kalla inn leiar av utvalet for å presentera saka. Det er også viktig at det blir tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda vidare.

#### Medlemmar i gruppeleiarforum:

Per Lerøy (ordførar/Ap)  
Inger Lise Brekke (H)  
Monika Thorpe (Ap)  
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp)  
Jan Erik Espelid (BYA)  
Helge Dyrkolbotn (KrF)

#### Konklusjon

Det er tre ulike framlegg til vedtak, eitt utval, to utval, eller ingen utval (som i dag).